

# KYRKJEBLAD

Nr. 3

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD


51. årg.

## Mat nok til alle

Herre, din jord bærer mat nok til alle,  
takk for den del du vil vi skal ha.  
Lær oss å dekke et langbord i verden  
Som alle kan reise seg mette fra.  
Amen. Amen

Herre, vi reiser oss mette fra bordet,  
Takk for de kreftene vår kropp har fått.  
Nye skal sitte ved bordet og spise,  
Hvis du får fordele, har alle nok.  
Amen. Amen.

Vidar Kristensen



KPK-foto: Svein Lindberg



Frå nyttår fekk me ny kyrkjelov, og laurdag 5. april var kyrkjeleg tilsette i Vaksdal samla til kurs i Stamnes kyrkje og bedehus (bi-letet). Du kan lesa meir om dette på side 2.

(Arkivfoto)

## Kontingent-oversikt

Kasseraren melder at det pr. 14. april var kom inn kr. 44.140,- i kontingent. 443 personar har betalt.

38 personar har også gjeve 2.525,- i gåve.

Me er svært takksame til dykk som på denne måten støttar kyrkjebladet. Men me vonar at endå fleire av dykk vil nytta giroen som låg ved i blad nr. 1 i år. Kontingenten er 100,- kr. Skal me kunna gjera bladet betre er me avhengig av midlar.

R.K



**John Victor Selle**, generalsekretær i Norsk Misjon i Øst har skrive pinseandakt. **Sjå side 3**

Kyrkjebladet har spurt nokre deltakarar på Tomasmessa om kva dei tykte om ei slik messe. **Svara finn du på side 3**

Laurdag 12. april var nokre søndagsskulelærarar frå Vaksdal med på krinsmøte i Bergen. **Dette og frå «Farne tider» finn du på side 4**

Det vert no teke initiativ til å få i gang gutespeidargruppe på Vaksdal. **Les om det side 5.**

**Nytt frå kyrkjeverja finn du på side 6**

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 4. juni 1997.

Bladet kjem ut i veke 27 som byrjar med 30. juni

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkevegen 3

5280 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

**Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 09.00-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

**Kyrkjevevjerje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 60 20

Mobiltilf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyarar:

Ragnvald Kringlebotten,

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,

5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese.

**"Alle, alle vil vi ha med"**

Med ovannemnde tittel som slagord har Norges Søndagsskoleforbund i 1997 ein landsomfattande aksjon. Målet er å få endå fleire barn med i søndagsskulen. I dag er det fleire søndagsskular som opplever eit heller lite oppmøte av barn.

Når me døyper barna våre lovar foreldre og fadrar og for så vidt alle som er til stades i kyrkja at me skal syta for at barna får opplæring i Guds ord. Det er eit bidrag som mellom anna søndagsskulen skal vera med på. Men skal søndagsskulen få dette til er det viktig at me er oss vårt ansvar bevisst og kjem oss ut av dyna søndags føremiddag slik at me kan få barna våre av garde til søndagsskulen.

Nokre stader er dei av ymse årsaker byrja å ha desse samlingane andre dagar i veka. Det vesentlege er ikkje kva tid dette er, men at barna våre får høve til å verta kjende med det som står i Bibelen.

I eit land der kristendomen har vore ein stor kulturberar gjennom mange hundre år, burde dette vera noko me var med på og førde vidare.

Lat oss gi barna våre noko av det beste me kan gi dei, **Guds ord.**

Ragnvald Kringlebotten

**KYRKJESTADEN**

**DALE 100 ÅR**

**Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

**kr. 150,-**

**hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret. Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113, 5280 Dalekvam. Tlf. 56 59 61 20**

**Samling for kyrkjeleg tilsette i Vaksdal**

Laurdag 5.april var dei fleste av dei kyrkjeleg tilsette i Vaksdal samla i Stamnes bedehus. Dagleg leiar Svein Tøsse hadde kalla inn til eit informasjonsmøte i samband med at den nye kyrkelova vart gjort gjeldande frå 01.01.97. Det er no Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd - og ikkje Vaksdal kommune - som er arbeids-gjevar.

Vi starta dagen med morgonbøn i kyrkja. Sidan vart det presentasjon av alle deltakarane: organistar, klokkarar, kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidarar, reinhaldarar og kontortilsette. Dessutan møtte begge prestane (som er statstilsette) og medlemar i fellesrådet.

Kyrkjevevjerja orienterte om kva det inneber å vera tilsett i Vaksdal prestegjeld, og han svara på spørsmål som dei tilsette hadde.

Sokneprest Frode Kvamsøe orienterte om rutinar i arbeidet for dei ulike stillingane.

I alle bedriftar skal det vera ein verneleiar. Vi valgte Olav Gammersvik, klokkaren i Stamnes, til verneleiar for dei kyrkjeleg tilsette.

Innimellom all informasjon fekk vi servert herleg tomatsuppe, kaffi og kaker.

Nokre korte føremiddagstimar går fort, men vi kunne reisa heim med større innblikk i våre nye arbeidstil-høve og meir kjennskap til dei andre som har liknande jobb som ein sjølv. Dei fleste stillingane er svært små, og det kan ofte kjennast litt einsamt. Denne dagen fekk vi sjå at vi er ganske mange, og at vi har ein dagleg leiar som alltid er villig til å leggja arbeidstilhøva best mogleg til rette for oss.

Takk til Svein Tøsse og fellesrådet for ei fin samling!

Reidun Takvam,  
sekretær på kyrkjekontoret.



# FRUKT SOM ANDEN VERKAR

av genereralssekretær i Norsk Misjon i Øst, John Victor Selle.

**Bibelt tekst: Johs. 14, 15-21:** "Elskar de meg, så held de boda mine. Då vil eg be Faderen, og han skal gje dykk ein annan talsmann som skal vera hjå dykk for alltid: Sanningsanden. Verda kan ikkje ta i mot han, for ho ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han; for han bur hjå dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born; eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva. Den dagen skal de skjønna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk.

Den som har boda mine og held dei, han er det som elsker meg. Og den som elsker meg, han skal Far min elska. Eg òg skal elska han og openbera meg for han."

Pinse - langhelg for storutfart og kjøring. Tida for å nyta den vakre naturen som vaknar til nytt liv; denne årlege demonstrasjonen av skaparverkets tankeprengjande under.

Pinse - høgtid som sluttar sirkelen for Guds handling i historien gjennom Jesus Kristus. Utgangspunktet for den verdsvide proklamasjonen av den gode meldinga: No er det von for menneska som var utan von!

Pinse - som fritid eller høgtid?

Det handlar om Anden, Den heilage Ande, som på Jesu oppmoding vart send av Gud, og som skal bli hjå oss for alltid. At det ein annan stad i evangeliet står at det var Jesus sjølv som skulle senda Anden, understrekar berre det faktum at det ikkje er skilnad på Gud og hans Son, Jesus Kristus. Dei tre, Faderen, Sonen og Anden, er ein eining, ei treeining.

Det at pinsa i Noreg i dag nærast er blitt den "gløymde" høgtida, er langt meir ei utfordring enn ein klagegrunn. Sanningsanden frå Gud, ulik villfaringsanden i verda, kan leia menneske til Sanninga. Den kan verda ikkje få, for "ho ser han ikkje og kjenner han ikkje, seier Jesus. Hovudspørsmålet er då i kor

stor grad vi kjenner Han, lar Han bli hjå oss og lar Han vera i oss. Dette er nemlig føresetnaden for å kunna formidla den glade bodskapen til ei verd som er dominert av villfaringsanden. Denne utfordringa har ikkje utgangspunkt i Jesu påbod om å gå ut, men i lovnaden om kraft som hans vitne i (Apgj. 1,8). Gong på gong blir vi overraske over Andens verkelege, - ja, nettopp kraft!

Poenget er altså ikkje å bli verdsmeister i det overnaturlige. Poenget er lydnad mot det som Jesus har sagt og som er skrive ned i Bibelen; halda fast ved det i sjel og sinn og setja det ut i livet. Hans ord skal gjerast verkelege i kvardagslivet! Det er berre på det viset vi på ein truverdig måte kan visa at kjærleiken til Jesus Kristus er ekte og sann. Dette er frukta av Andens verknad i ein læresveins liv, no som før.

**Gjør oss tross de svake evner  
Visere enn Salomo,  
Visere til dyd å øve,  
Visere til åndeprove,  
Visere til salighet**

(Grundtvig)



# TOMAS- MESSE

Søndag 6. april vart det skipa til Tomas-messe i Dale kyrkje. Dette har ikkje vore skipa her tidlegare. Tomas-messe er ei messe der bøn og meditasjon er sentralt. Kyrkjebladet har spurt tre personar som var til stades fylgjande spørsmål:

1. Har du vore med på dette før?
2. Kva tykte du om denne messa?
3. Kva vil du framheva?

**Kristin Bildøy Boge (Vaksdal)**


1. Eg har ikkje vore med på det før, men eg har høyrte om det.
2. Det var spesielt og ein fin måte å få meir tid til bøn og meditasjon på.
3. Eg vil ikkje framheva noko framfor det andre, men som eg sa bøn var viktig.

**Lena Hesjedal (Stanghelle)**

1. Nei, det har eg ikkje
2. Eg har ikkje tenkt så mykje på det
3. Ikkje noko spesielt

**Arnfinn Lilleskare (Fossmark)**

1. Nei, men eg har lese mykje om det
2. Eg tykte det var ei fin messe. Eg likar slike som er litt meir uformelle og at me kunne tenna lys for nokon.
3. Eg likte at presten heldt eit personleg vitnemål i staden for ei preik.



Altartavla i St. Jakob kyrkje i Bergen  
Foto: Ragnvald Kringlebotten

## KRINSMØTE

Laurdag 12. april vart det skipa til krinsmøte for Bergens Søndagsskulekrins, der også søndagsskulane i Vaksdal er med.

Møtet var i St. Jakaob kyrkje i Bergen. Krinsformann Kolbjørn Bendiksen ynskte velkomen og sa at hovudmålet for oss som arbeider i søndagsskulen er å føra menneske til Jesus. Me er ikkje sett der for å vinna ein diskusjon men for å vera medmenneske. Skal me oppnå dette er det viktig at me er tent av Jesus, sa Bendiksen. Det er også viktig at foreldra ser dette og er seg sitt ansvar bevisst.

### Guds kall

Kapellan Jan Bygstad heldt bibeltid over emnet: "Gud kallar, kva svarar du?"

-Eit kall frå Gud kan delast opp i tre punkt, sa Bygstad. Gud kallar oss til i det daglege til å skapa gode heimmar for familien og til å vera medmenneske.

Gud kallar oss også til arbeid i sitt rike, til å gjera ulike gjerningar.

Det viktigaste kall som Gud har til oss, er å ta mot Jesus som vår frelsar. Det kan me mellom anna lesa i Markus 3, 13-14, der han kallar dei tolv. Det gjorde han for at dei skulle vera med han og leva i samfunn med han. Me vert altså kalla til å ha samfunn med Faderen og hans son Jesus Kristus. Johs. 17,24. Skal me få sjå Jesu herlegdom må me vera der han er, Johs. 12,26.

-Den største synd i våre liv er den som skil oss frå Jesus, sa Bygstad. Ofte skal det mykje arbeid til før Jesus får den rettmessige plassen i våre liv. Berre slik han er i våre liv kan han vera i vår gjerning.

Samfunn med Jesus inneber også å dela kår med Jesus, Matt. 11,28-30. Mitt åk er gangleg seier Jesus og mi byrde lett. Vanære for Kristi skuld er adelsmerket i Guds rike. Å vera læresvein er ikkje berre å læra, men også la Jesus ta vekk det me trudde me kunne, jamfør Peter. Skal Jesus få læra oss må me ikkje springa framfor han, men fylgja etter han: Jesus må ofte ta oss i nakken. Jesus vil at me skal vera med han under

hans åk slik at krossen si kraft kan få verka i oss, sa Bygstad.

Deltakarar på krinsmøtet (biletet) saman med Nils Arne Lavik (t.h. bak) og Jan Bygstad

Foto: Maryse Hauge



## Bergsdalen sundagsskule

Det vart teke til med sundagsskule i Bergsdalen like etter 1910. Ein i Hatlestad krins og ein i Øye krins.

Men i 30-åri måtte dei leggjast ned på grunn at at det var for lite born. I krigsåri vart baa sundagsskulane tekne oppatt. Då budde her ein heil del born frå Bergen. Men i siste halvdel av 50-åri vart det nedleggjing att.

Den 19. mars 1972 vart Bergsdalen sundagsskule skipa. Elevtalet kom nokso snart opp i 30. Mange foreldre køyrde borni sine, og var med på sundagsskuletimen. So sundagsskulen var det største samlingi om Guds ord i dalen.

I året 1996 var det tillyst 12 sundagsskulestimar. Det var 10 som betalte medlemspengar, og største fram møtet av born var 11.

I alt har 64 born gått på sundagsskulen sidan 1972.

Eirik Småbrekke

## FRÅ FARNE TIDER

Denne gongen tek me med nokre glimt frå 1963 (mai/juni).

### Visitat

24. - 28. april 1963 var det bispevisitat ved biskop Per Juvkam. Bispen let vel, det same gjorde proststen står det å lesa i kyrkjebladet. Veret var bra og kyrkjene var fullsette til alle gudstenestne.

Både bisp, prost og prestar preika og bispen hadde ingen ting å merka til forkynninga. Han hadde heller ikkje noko å seia på salmesongen.

Under møtet på Dale pirka han såpass borti gravkapellsaka på Vakadal at dei som hadde noko med saka å gjera gjekk seg varme, heiter det.

Stamnes sokneård, Vaksdal mølle og Ulvnesøy skule fekk alle takk for fine samkomer.

### Prostistemne

På prostmøtet ein måned etter visitasen, som var på Dale deltok prost Søvde, forstandar Kjell Petter Dahl frå Bergens Diakonissehjem og Alfred Takvam.

### Orgel i

#### Stamnes kyrkje

9. juni 1963 vart nytt orgel teke i bruk i Stamnes kyrkje. Kantor Præsttun ved Domkyrkja i Bergen hadde vore konsulent, og han spela under høgmesse på vigsladagen. Orgelet som kosta omlag 30.000,- kroner var eit såkalla sløyfeladeorgel.



## Gutar mellom 8 og 20 sjå her!

### KFUM - speidar på Vaksdal.

Til hausten, rundt skulestart 97, planlegg me å skipa KFUM-speidar-gruppe på Vaksdal.

Dette er eit tilbod til alle gutar mellom 8 og 20 år, som er lei av å sitja i sofaen og glana på TV.

Kva er speiding?

- å dra på turar og leirar i hytte og telt
- å læra og klara seg sjølv.
- å oppleva naturen til alle årstider.
- å oppleva vennskap og samarbeid mellom små og store.
- å høyre med i eit kristent fellesskap.
- å verta kjendt med barn frå andre stadar og andre land.

Høyrest dette moro ut? Ta kontakt med gruppeleiar **Marit Alvheim** (Tlf. 56 59 70 96) eller prestekontoret på Vaksdal (tlf. 56 59 70 88) for meir informasjon.

Ring og meld deg på allereie no sjølv om det ikkje brakar laust før til hauten.

Me har også behov for fleire vaksleleiarar. Har du lyst på ei utfordring som samtidig er ein innsats for



barn og unge, så treng me deg.

16. mars var siste gong Albert Tolås tv. på biletet var fast tilsett som kyrkjetenar i Vaksdal kyrkje. Som takk for innsatsen fekk han blomar frå Vaksdal sokneråd ved formann Bjørn Knutsen.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Frode Kvamsøe syner her den nye messehakelen som Dale kyrkje fekk i fjor. Messehakelen er ei gåve frå Dale kyrkjeforeining. Den er laga av Ragnhild Arneberg.

Foto: Reidun Takvam



26. januar fekk Siri Beate Eikefet 3. klasse tv. og May-Linn Tyssebotn 4. klasse utdelt «Godt Nytt» av Frode Kvamsøe i Eidsland kapell.

Foto: Anne Margrete Eikefet

## LEIRAR

Leir i Sætervika ved Samnanger- fjorden.

20. - 23. juni 8-10 års leir

23. - 26. juni 10-12 års leir

26.- 28. juni 7-10 års leir

30/6-5/7 interesseleir over 14-17 år


5. - 8. juli Aktivitetsleir 12-14 år

28/7 - 1/8 Ferieleir 8-12 år

8. - 11. august Generasjonsleir

11. - 15. august Ferieleir 10-14 år

Ta kontakt med:  
**Norsk luthersk  
 Misjonsamband  
 Ø. Murlam, 18, 5012 Bergen  
 Tlf. 55 32 12 52**  
 for informasjon om pris med meir.

Leir med 

**NMS**

*Mange leirar.  
 For alle aldrar.  
 Heile sommaren.*

Kjenner du nokon du ønskjer skal få eit positivt møte med leirliv, fellesskap og misjon ?

Ring regionkontoret 55 31 00 61 så får du brosjyre tilsendt.

## Labbeaksjon

Wallemtunet leirstad som også søndagsskular i Vaksdal brukar skal fornya kjøkenet. Til dette trengs det pengar. Personar som kan strikka vert nå oppfordra til å vera med og strikka labbar til føremålet.

Tanken er å få desse selt på Dale-dagane i juni og at pengane går til Wallemtunet.

Vil du vera med kan du ta kontakt med Liv Stokke Sellevold på telefon **56 59 61 72**. Du har omlag ein månad på deg. På førehand takk.

## Ny temperaturregulering i Dale kyrkje

Det har lenge vore eit problem med å halde stabil temperatur i Dale kyrkje gjennom alle årstider. Kyrkja er oppvarma med radiatorar som får varmtvatn frå fyringsanlegget i Heradshuset. Her vart varmen regulert av ein temperaturfølar som låg på utsida av huset. Dersom utetemperaturen gjekk opp, vart varmen regulert ned i kyrkja, og dermed oppstod dei uheldige verknadene med at kyrkja til tider vart for kald.

No er denne styringa skifta ut, og det er montert ein termostat i kyrkja som fangar opp temperaturen på rett stad.

I tillegg til dette vart det montert ei «tropefifte» i taket framfor galleriet. Denne skal hjelpa til med å få lufta i sirkulasjon, slik at den varme lufta ikkje samlar seg oppunder himlingen. Det er over 11 m frå golvet til øvst i taket, og det er viktig å få blanda lufta slik at det ikkje vert for kaldt ved golvet.

Utstyret vart levert av firma Solberg Andersen AS, og arbeidet vart utført av ABB installasjon og Dale Blikk og Mek. i slutten av april.

## Vårstell på kyrkjegardane.

Dei mange kyrkjegardane i prestegjeldet har kvitta seg med snø og frost, og våren er godt i gang. Som ansvarleg for stell og vedlikehald har eg lyst til å koma med litt informasjon til dei mange som vitjar kyrkjegardane, og som ynskjer å stella gravene.

Vaksdal kyrkjelege fellestråd, som er det styrande organet for drifta av prestegjeldet, har ansvaret for at kyrkjegardane vert heldne i stand. Dette gjeld gjerder, portar, grus-gangar, benkar og plenar. Naturens gang gjer at det må fyllast opp over gravene og jamnast og såast med jamne mellomrom. Jords-monnet er nok ikkje det beste til å planta blomar i, og tilgroing med mose har vore eit problem. Kalking og gjødsling er til god hjelp, men tek mykje av vedlikehaldsbudsjettet.

Nokre stader er det sett ut kassar med mold. Kvaliteten på molda kan variera, og det beste er nok å spande-

ra ein pose med blomsterjord framfor gravminnet.

## Frost og gravminner

I vår ser det ut til at det er ekstra mykje skadar etter frosten. Frosten kan til tider herja stygt med gravminna. Dei er tunge, og har ofte ei lita flate å fordela tyngda over. Dersom dei ikkje er monterte så lavt som føre-segnene krev, det vil seie med øvste kanten på sokkelen jamt med bakken, er det fare for at dei kan kvelva. Her er det dei pårørande som har ansvaret, og det kan vera lurt å ta opp dette med dei som monterar gravminnet.

Eg vil elles oppmoda om å venta med å setja opp gravminne til etter fyrste vinteren etter gravlegginga, av di grunnen må få tid til å setja seg.

Dersom det er vanskeleg å få hjelp til å retta opp gravminnet, kan du ta kontakt med meg. Me kan diverre ikkje gjera slikt arbeid utan å ta betaling, men du vil uansett få rettleiing om det er noko du vil ha svar på.

Graving i samband med gravferder kan i nokre høve føra til at gravminnet vert flytta til sides. Etterpå vert det sett på plass att av kyrkjegardsarbeidarane. Dersom du meiner at dette ikkje er gjort godt nok, kan du ta kontakt med meg. Gravminna som vert ståande skeive grunna nye nabograver vert etter kvart retta opp att av oss.

## Legat og andre avtalar om fast stell av graver

Legat for stell av graver har til no ikkje vore vanleg i prestegjeldet. Fleire har vore i kontakt med meg i samband med dette, og ynskjer ei ordning der ein mot ei fast godtgjersle kan pynta gravene i sommarhalvåret. Eg har undersøkt litt rund om i landet, og har kome fram til at kostnadane ligg frå kr 300,- til kr 400,- for arbeidet med å setja ned ein plante og halda grava fin gjennom sommaren. Ordninga vert ofte nytta dersom dei pårørande ikkje bur i kommunen, eller når dei har vanskar med å utføra arbeidet sjølv.

Før me går igang med ei slik ordning i prestegjeldet ynskjer eg å finna ut om det er interesse for det. Eg vil difor oppmoda dei som er interes-

serte til å ta kontakt med meg.

Adresse og telefonnummer finn du alltid i den faste spalta i kyrkjebladet.

Svein Tøsse,  
Kyrkjeverje i Vaksdal



Kyrkjeverje Svein Tøsse, her i aksjon under kurset for kyrkjeleg tilsette på Stamnes laurdag 5. april.

Foto: Reidun Takvam

## Radio Vaksdal

Radio Vaksdal har nå endeleg flytta inn i nytt studio i Vaksdal Bedehus. Ansvarleg redaktør Odd Dyvik seier at det var godt å få betre arbeidstilhøve. Nå er teknikaren og programleiaren i kvar sitt rom.

-Kva er planane framover?

-Me har von om i ikkje så altfor fjern framtid å nå skikkeleg inn til Stanghelle og også inn til Dale. Dette kostar sjølvsagt pengar og økonomien er ikkje slik at me kan gjera dette utan hjelp. Me vil såleis vera takksame om nokon av lesareane kunne støtta radioen på denne måten, seier Odd Dyvik

-Me er også interessert i å få med oss fleire medarbeidarar både teknisk og på programleiarersida. Dei som kunne tenkja seg dette kan ta kontakt med Odd Dyvik på telefon 56 59 50 51 eller Einar Mjelde (Biletet) på telefon

56 59 74 43

R.K.



**LESESTOFF?**

Me har meir enn du trur  
Me er også kommisjonær for  
Norsk Tipping og Norsk Rikstoto



**PETERSEN & YPSØY A/S**

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER  
5280 Dalekvam Telefon 56 59 61 58

**Trelast og byggevarer**



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5280 Dalekvam



Dame og herrefrisør  
5280 Dalekvam Tlf. 56 59 66 96  
Opningstider: Månd. - Fred.: 9.00 - 16.30  
Annakvar laurdag: 9.00 - 14.00

**ALT I KJØKKENINNREDNING**

**BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE**

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074



Tlf. 56 59 74 70 Mob. 945 48 525

NYTT OG NYTTIG frå

**SpareBank 1 Vest**

**AvtaleGiro-TeleGiro**

Ein avtale opnar for begge tenestene



Autorisert Regnskapsførerselskap  
Medlem Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening

Bryllupshaugen 3,  
Boks 63 5270 Vaksdal  
Tlf. 56 59 70 08

Alt i skifting av tak  
Stillas - og Containerutleige

Dale Blikk & Mek. A/S,  
5280 DALEKVAM.  
Tlf. 56 59 65 90  
Mob. 945 49 744

Salg av nye og brukte bilar  
Service alle bilmerker  
Karosseri og lakk  
Bilberging



Tlf. 56 59 60 89

**ALT I  
TRYKKSAKER**

**VAKSDAL TRYKK A/S**  
Mob.tlf. 946 20 789  
Faks 56 59 71 03



**SLEKTERS GANG****DØYPTE****STAMNES**

02.03 Amalie Johnsen Lunde

20.04 Henrik Balestrand


**VAKSDAL**

16.03 Ruben Alvheim

16.03 Andreas Vatle

16.03 Synnøve Sæterdal Haugsvær

13.04 Bertina Nielsen Herfindal

**AVLIDNE****DALE**

01.03 Henrik Rolland, f. 1910

22.03 Solveig Risnes, f. 1912

28.03 Knut Kvamme, f. 1930

16.04 Bjarne Larsen, f. 1906

**STAMNES**


06.04 Knut A. Stamnes, f. 1910

19.04 John Kårstad, f. 1914

**VAKSDAL**

28.02 Andrine Bruvik, f. 1904

20.03 Alma Solveig Ulevik, f. 1914

**VELKOMEN TIL****KYRKJE****17.mai - Grunnlovsdagen****VAKSDAL kl.9.30** Studentprest Ivar Smedsrød.**STAMNES kl.12.00** Dyrhol. Offer til Redd Barna.**EIDSLAND kl.12.30** Kvamsøe. Offer til Redd Barna.**18.mai - 1.pinsedag****DALE kl.11.** Høgtidsgudst. Dyrhol. Nattverd. Offer til Misjonshøgskulen i Stavanger.**VAKSDAL kl.11.** Høgtidsgudst. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.**19.mai - 2.pinsedag****STAMNES kl.18.** Prestegjeldsgudst. Dyrhol og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Bibelselskap.**25.mai - Treeingssøndag****BERGSDALEN kl.11.** Konfirmasjonsgudst. Kvamsøe. Offer til leirstaden Fagertun.**EIDSLAND kl.11.** Konfirmasjonsgudst. Dyrhol. Offer til leirstaden Fagertun.**DALE kl.18.** Høgmesse v/Kvamsøe. Offer til Dale Indremisjon - bedehuset.**1.juni - 2.søndag etter pinse****VAKSDAL kl.11.** Høgmesse v/Kvamsøe. Offer til kyrkje-lydsarbeidet.**NESHEIM kl.11.** Konfirmasjonsgudst. Dyrhol. Offer til Soknerådet og Søndagsskulen i Eksingedalen.**8.juni - 3.søndag etter pinse****DALE kl.11.** Dyrhol. Nattverd. Offer til Menighetsfakultetet.**STAMNES kl.17.** Dyrhol. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.**15.juni - 4.søndag etter pinse****Fitjavass-stemna kl.12.**

Sokneprest Aase.

**EKSINGEDALEN kl.16.**

Kvamsøe.

Nattverd.

**22.juni - 5.søndag etter pinse****DALE kl.11.** Kvamsøe. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.**EIDSLAND kl.11.** Sokneprest Knut Fløvåg. Nattverd.**EKSINGEDALEN kl.19.30**

Konsert.

**29.juni - 6.søndag etter pinse****STAMNES kl.11.** Kvamsøe.

Nattverd.

**VAKSDAL kl.19.** Kvamsøe.**GUDSTENESTE-ANNONSAR**

Det hender i blant at folk kjem til kyrkje og opplever at gudstenesta er flytta til eit anna tidspunkt. Dei har sett i Kyrkjebladet kva klokke det skal vera «preik», og dei vert både irritert og skuffa når dette ikkje er rett.

Det dei ikkje tenkjer over, er at opplysningane i Kyrkjebladet er skrive lang tid i førevegen, kan henda 2-3 månader tidlegare, på grunn av tidsfristar til trykkeriet, og at preike-lista går langt fram i tid. Det er ikkje til å unngå at det av og til må gjerast endringar undervegs. Difor har vi kvar veke kunngjeringar i lokalavisene Vaksdal Posten og Hordaland og plakatar på sentrale stader. Dette er nettopp for å vera sikker på at folk får dei rette opplysningane. Kunngjeringa i Kyrkjebladet er ei påminning i god tid om kva søndag det er gudsteneste, slik at ein kan merka seg det. Så tar vi ein titt i lokalavisa og ser etter rett tidspunkt.

**Reidun Takvam,**  
sekretær på Kyrjekontoret

**Sommar-  
invitasjon 1997**

"Ja, så er sommartida i gang. Vi at dagane er lengre i rette enden, lengre kveldar og lysare slike.

Temperaturmessig kan vi istemre "Bedre og bedre dag for dag". Vi ser fram mot sommar og varme dagar.

Det er på denne tida vi planlegg årets ferie, og for mange er utanlandstur det store målet. Mykje å sjå og mykje å oppleve anten det er i våre naboland eller ein drar til meir eksotiske stader."

Slik skriv Sjømannsmisjonen i eit skriv, der dei oppfordrar alle som dreg til eit anna land å oppsøkje dei ymse kyrkjene Sjømannsmisjonen driv.

Der kan ein vera med på gudsteneste, få seg informasjon om staden eller ein kopp kaffi med herlege vafler til.

Meir informasjon om Sjømannsmisjonen kan ein få ved å ringja til kontoret i Bergen. Tlf. 55 55 22 55